

10.trinn – veke 5 og 6

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B**: Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C**: Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal lære om Bjørnstjerne Bjørnson, og du skal få god oversikt over tidsepokane i litteraturen. Du skal lese Faderen av Bjørnson og skrive ein liten analyse av teksten, der du også skriv noko om forfattaren og tidsepoken/epokane.
Engelsk	Du skal kunne forstå sentrale hendingar i amerikansk historie, og kunne bruke denne kunnskapen til å beskrive, forklare og reflektere over korleis historia har påverka samfunnet i USA i dag.
Matematikk	Du skal kunne trekkje saman algebraiske brøkuttrykk og rekne med parentesar i algebraiske uttrykk. Du skal kunne faktorisere og multiplisere polynom, og bruke kvadratsetningane i utrekningar og problemløysing.
KRLE	Du skal kunne forklare kva religionskritikk er og kome med døme på ulike typar religionskritikk. Du skal kunne diskutere religionskritiske påstandar saman med andre elevar.
Samfunnsfag	Du skal kunne fortelje om velferdssamfunnet i Norge, korleis velferdsstaten fungerer og kunne reflektere over utfordringar med dette systemet i dag og i framtida.
Naturfag	Du skal kunne forklare produksjon og bruk av naturressursar, og korleis dette kan koplast til miljø og berekraft. Du skal kunne utforske samanhengane mellom produksjon og bruk av naturressursar og forureining. Du skal vite kva miljøgifter er.
Tysk	Du skal lære om landet Tyskland, gjere deg kjent med geografi og reisemål, og lage ei reiseforteljing frå landet.
Engelsk fdj.	Du skal lese ei bok, hente ut viktig informasjon, finne språklege verkemiddel og kunne presentere boka for resten av gruppa.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne ta initiativ i bedrifta og vere med på å utvikle denne gjennom å bidra aktivt. Du skal førelogg over arbeidet ditt, munnleg eller skriftleg, og dokumentere med bilete og/eller video.
Kroppsøving	Du skal kunne gjere greie for livredning, trygg ferdsel på is og ved vatn, og forklare kva du skal gjere dersom du går gjennom isen. Du skal kunne utføre praktisk livredning ved å bade i kaldt vatn med kontrollert pust, kaste line, og gjennomføre HLR på ein trygg og korrekt måte.
Musikk	Du skal kunne lære deg koreografi. Du skal kunne samarbeide i gruppe og lage ein kreativ dans.
K & H	Me startar på bamseoppgåva.
Olweus	Du skal kunne planleggje og lage ein anti-mobbekampanje retta mot elevar på 4.–7. trinn.

Diverse	Søking til vidaregåande skule Torsdag og fredag i veke 5 vil elevane få hjelp til å søkje vidaregåande skule. Ta med: mobiltelefon, og hugs (eller skriv ned) personnummer og personleg passord til BankID eller MinID. <u>Veke 5</u> Onsdag 28.januar: • Forfattarbesøk (1.time) • Skriveoppgåve i norsktimen. Torsdag 29.januar: Bokpresentasjon i engelsk fordjupning Søking til vidaregåande skule: 10C torsdag, 10A og 10B fredag. <u>Veke 6</u> KRLE: Vurdering (dialogspel) i timen: 10C (måndag 3.time), 10B onsdag, 10A torsdag. Musikk: Vurdering (dans) i timen: 10B måndag, 10A og 10C onsdag. <u>Veke 7</u> Måndag 9.mars: Besøk av Jæren Sparebank – personleg økonomi. Tysdag 10.mars: Vurdering i matematikk 1. og 2. time. Alle startar kl. 08.15 denne dagen.
---------	--

Heimearbeid veke 5	
--------------------	--

Onsdag 28	Norsk: Førebu deg til å skrive om Faderen, Bjørnson og tidsepoken/epokane. Eng.fdj: Førebu deg til bokpresentasjon i morgon, torsdag.
Torsdag 29	Matematikk: Gjer heimearbeid v.5 på OneNote. Legg inn bilete av utrekningar. Tysk: Gjer Heimearbeid veke 5 på OneNote.
Fredag 30	Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v.5 på OneNote. Naturfag: Fullfør økt 3 på OneNote (berekraft og miljø). Det betyr at du skal ha svart på oppgåvene på s. 210 og 215 i Elementer 10. KRLE: Førebu deg til dialogspel i veke 6.

Heimearbeid veke 6	
--------------------	--

Måndag 2	KRLE: Førebu deg til dialogspel denne veka. Kroppsøving: Alle klassane har felles kroppsøving på Stemmen 4. og 5. time. Ha med deg handklede, ull og varme klede til å skifta. De kan gå rett heim etter undervisninga.
Tysdag 3	Matematikk: Gjer heimearbeid v.6 på OneNote. Legg inn bilete av utrekningar.
Onsdag 4	Engelsk: Gjer heimearbeid v.6 på OneNote.
Torsdag 5	Norsk: Gjer heimearbeid v. 6 på One Note - stillelesing. Tysk: Gjer heimearbeid veke 6 på OneNote. Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v.6 på OneNote.
Fredag 6	Naturfag: Gjer heimearbeid veke 6 på OneNote Matematikk: Arbeid med målark til vurdering om algebra. Dette finn du på OneNote - innhaldsbiblioteket - målark.